



Deres ref:            Vår ref:            Sakshandsamar:            Arkivkode:            Dato:

**Pressemelding – Seljord, Kviteseid og Vinje kommunar – Korona – Covid 19 – 17.03.2020**

--	--	--	--	--	--	--

**Utvida karantenepåbod og forbod mot innreise til Seljord, Kviteseid og Vinje kommunar**

For å stoppe spreiring av korona/Covid-19-viruset har Seljord, Kviteseid og Vinje kommunar i dag vedteke å innføre **karantenepåbod for alle reisande frå alle fylke og kommunar i Noreg**, med unnatak av kommunane Seljord, Kviteseid, Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Midt-Telemark, Hjartdal, Notodden og Tinn. Vedtaket er fatta med heimel i Smittevernlova § 4-1.

Det betyr at alle innbyggjarar i Seljord, Kviteseid og Vinje som har vore utanfor dei nemnte kommunane frå 13.mars eller seinare må vere i heimekarantene i 14 dagar, på same måte som alle som har vore i utlandet.

Dette gjeld også arbeidspendlarar som pendlar ut frå kommunen. Husstandsmedlemmar er ikkje omfatta av vedtaket.

Om du reiser til andre kommunar enn Seljord, Kviteseid, Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Midt-Telemark, Hjartdal, Notodden og Tinn vert du automatisk sett i 14 dagar heimekarantene når du kjem att. Reiser du ut att i løpet av denne perioden startar det ein ny karanteneperiode når du kjem att.

Vi ynskjer minst mogeleg ferdsel inn og ut av kommunane våre no!

**Forbod mot innreise**

Alle som har opphald i område utanfor kommunane Seljord, Kviteseid, Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Midt-Telemark, Hjartdal, Notodden og Tinn har forbod mot å reise inn til Seljord, Kviteseid og Vinje kommunar.

Dette gjeld òg arbeidstakarar som pendlar inn til arbeidsplassar i Seljord, Kviteseid og Vinje kommunar dersom dei ikkje utfører samfunnskritiske oppgåver. Dei som pendlar inn og utfører samfunnskritisk arbeid vert bedne om å vere i kontakt med færrest mogeleg medan dei oppheld seg i kommunen.

Oppdatert oversikt over kva som vert definert som samfunnskritisk arbeid finn du oversikt over her (lista er utvida):

[https://www.regjeringen.no/contentassets/d510013361654fcabcb7e025f439eb19/personell\\_i\\_kritiske\\_samfunnsfunksjoner\\_16.03.2020.pdf](https://www.regjeringen.no/contentassets/d510013361654fcabcb7e025f439eb19/personell_i_kritiske_samfunnsfunksjoner_16.03.2020.pdf)

Sjuk?

Hald deg heime og følg dei nasjonale råd og påbod!



Uttale frå ordførarane:

Vi ber innstendig alle som bor i Seljord, Kviteseid og Vinje kommunar om å avgrense reisene sine til det som er strengt nødvendig dei neste vekene og at personar med opphald utanfor Vest-, Midt- og Aust-Telemark forhold seg til innreiseforbodet som no er vedteke.

Vi må alle ta den nasjonale dugnaden på alvor og ta vår del. Vi må alle gjere det vi kan for å hindre smitta i å spreie seg. Vi har framleis ein handterbar smittesituasjon i vårt område, men dette kan forandre seg svært raskt. Akkurat no må vi alle godta alvorlege innskrenkingar på kvardagslivet vårt. Livet vil gå som normalt att, men no er det tid for dugnad og å innsjå alvoret i situasjonen.

Vi oppmodar innstendig om at alle set seg inn i dei nasjonale føringane og respekterar heimekarantene og heimeisolasjon; Vi må no hindre at dei gruppene som ikkje vil tåle å bli smitta av dette viruset vert utsett for smitte. Det vi gjer no vil berge liv!

Det er òg heilt avgjerande at dei som arbeider med samfunnskritiske oppgåver held seg friske så vi klarer å halde samfunnet i gang og at dei heilt grunnleggande tinga i samfunnet vårt ikkje vert sett ut av spel.

-----  
Alt skjer fort og vi kan ikkje halde alle oppdatert på alt til ein kvar tid. Alle vert oppmoda om å følge med og oppdatera seg på utviklinga via:

- Folkehelseinstituttet, [www.fhi.no](http://www.fhi.no)
- Helse Noreg, [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no)
- Sentrale mediehus i Noreg, til dømes [NRK](http://nrk.no)

-----  
Beate Marie Dahl Eide, ordførar Seljord kommune  
Bjørn Nordskog, ordførar Kviteseid kommune  
Jon Rikard Kleven, ordførar Vinje kommune